

# Runer frå utgravingane i Trondheim bygrunn 1971–94

Med eit tillegg av nyfunne innskrifter elles frå byen (N774–N894)  
Av Jan Ragnar Hagland

(Manus til "Norges Innskrifter med de yngre Runer" (NlyR) bind 7)

---

## **KJØPMANNSGATA 20-26 (FOLKEBIBLIOTEKSTOMTA)**

### **III. INNSKRIFTER MED *fupork***

[**812**] N-93494. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 15, 52; 1990b: 11, [45]; Knirk 1986a: 7; Christophersen 1998: 28; Seim 1999: 351, 5 (omtala som A275).)

Innskrifta står på ei glimmersteinsskive med flatemål 45 x 33 mm. Skiva er 2-3 mm tjukk og har runer på ei av breisidene. Funnet vart gjort i 1985, felt FW, i hovudfase 6 som arkeologisk er datert til tredje kvartal av 1100-talet. Innskrifta er 12 mm lang og runene 26 mm høge. Runene er tydeleg rissa og gir ingen tvil om lese måten. Mellom r. 1 og 2 er det rissa inn eit lite kryss. Krysset er svakt i risset og tangerer staven på r. 2. Det synest helst å vera komme til uavhengiga av innskrifta med runer. Sameleis er det elles ein del tilfellelege riss over og omkring runene, riss som ikkje synest å vera anna enn tilfellelege skraper som av ukjende grunnar har vorte tilført overflata av steinen. R. 3 (R) har open boge.

ƿ þ R

**f þ r**

*f[u]þ[o]r* (?)

Vi har å gjera med dei tre første konsonantane i *fupork*-en, og innskrifta må vel helst oppfattast som ein ufullstendig *fupork*, slik vi elles har fleire døme på i materialet frå Trondheim.